



KONKURRANSEGRUNNLAG

**Konkurransen med forhandling
etter FOA del I og III**

for anskaffing av

Vasstankbil

Saksnr. 2021/1502

Innholdsliste

1	Om oppdragsgjeveren	4
1.1	Kvam herad	4
1.1	Kontaktperson	4
2	Konkurransegrunnlaget sine dokument	5
2.1	Om inndelinga	5
2.2	Del I - Konkurransegrunnlag	5
2.3	Del II – Kontrakt med bilag	5
3	Om anskaffinga	6
3.1	Skildring av leveransen	6
3.2	Kontraktstype	6
4	Konkurransegjennomføring	7
4.1	Kunngjøring	7
4.2	Anskaffingsprosedyre	7
4.3	ILO- kjemekonvensjonar	7
4.4	Framdriftsplan	7
4.5	Språk	8
4.6	Kommunikasjon	8
4.7	Tilbydaren sine deltakingskostnader	8
4.8	Spørsmål til konkurransegrunnlaget	8
4.9	Tilleggsopplysningar	8
4.10	Oppdatering av konkurransegrunnlaget	9
4.11	Alternative tilbud	9
4.12	Deltilbud /delleveransar	9
4.13	Parallele tilbud	9
4.14	Avvik	9
4.15	Skatteattest	9
5	Konfidensialitet og innsyn	10
5.1	Konfidensialitet	10
5.2	Innsyn	10
6	Det europeisk eigenerklærings skjemaet (ESPD)	11
6.1	Generelt om ESPD	11
6.2	Nasjonale avvisingsgrunnar	11
6.3	Samla oppgiving for alle kvalifikasjonskrav i ESPD-skjemaet	11
7	Kvalifikasjonskrav	12
7.1	Om kvalifikasjonskrava	12
7.2	Bruk av underleverandørar/samarbeidspartnarar	12
7.3	Krav til organisatorisk og juridisk stilling	12
7.4	Krav til økonomisk og finansiell kapasitet	13
7.5	Krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar	13
8	Utveljingskriterium	13
9	Tildelingskriterium og evaluering	14
9.1	Tildelingskriterium	14
9.2	Evaluering pris	14
9.3	Evaluering kvalitet	14
10	Innlevering av førespurnad om deltaking	15
10.1	Utforming av førespurnad	15

11	Innlevering av tilbud	16
11.1	Utforming av tilbud	16
12	Avslutning av konkurransen	17
12.1	Avvising av tilbud	17
12.2	Avlysing av konkurransen	17
12.3	Melding om val av leverandør	17
12.4	Klage	17

1 Om oppdragsgjevaren

1.1 Kvam herad

Oppdragsgjevar er Kvam herad, heretter KH. KH er ein langstrakt kommune som strekker seg om lag 9 mil frå Ålvik innerst i fjorden til Mundheim i vest. KH har også ca. 2 800 fritidsbustader i kommunen.

Anskaffinga er administrert av Odin Prosjekt AS på vegne av oppdragsgjevar.

For meir informasjon om oppdragsgjevaren, sjå: <https://www.kvam.no/>

1.1 Kontaktperson

Oppdragsgjevar sin kontaktperson er:

Namn:	Øyvind Kjørskog
Stilling:	Ekstern rådgjevar

Eventuelle spørsmål skal rettast til kontaktpersonen i kommunikasjonsmodulen i Mercell.

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar hos oppdragsgjevar når det gjeld anbodskonkurransen enn nemnde kontaktperson.

2 Konkurransesgrunnlaget sine dokument

2.1 Om inndeling

Konkurransesgrunnlaget er delt i to delar. Del I inneheld dokumenter knytt til gjennomføring av konkurransen og som skal nyttast under tilbodsgeving. Del II inneheld kontrakt med vedlegg.

2.2 Del I - Konkurransesgrunnlag

Vedlegg	Inneheld
	Konkurransesgrunnlag (dette dokumentet)
Vedlegg 1	Søknadsbrev
Vedlegg 2	Referanseoppdrag
Vedlegg 3	Forpliktingserklæring
Vedlegg 4	Tilbudsbrev
Vedlegg 5	Tilbydars atterhald og avvik
Vedlegg 6	Eigenerklæring teieplikt offentleglova

2.3 Del II - Kontrakt med bilag

Bilag	Inneheld
	Standard varekontrakt
Bilag 1	Kravspesifikasjon
Bilag 1a	Kravspesifikasjon til utfylling (støttedokument)
Bilag 2	Leverandørens besvarelse av oppdragsgivers kravspesifikasjon
Bilag 3	Administrative bestemmelser
Bilag 4	Pris og prisbestemmelser
Bilag 4a	Prisskjema
Bilag 5	Endringer i den generelle avtaleteksten med bilag
Bilag 6	Endringer i den generelle avtaleteksten med bilag etter avtaleinngåelse

3 Om anskaffinga

3.1 Skildring av leveransen

KH skal gå til innkjøp av ny vasstankbil til brann og redningstenesta i kommunen. Bilen skal nyttast ved aksjoner og øvingar. Bilens primære funksjon er å sørge for vassforsyning til innsats mot brann og andre typar aksjonar brann- og redningstenesta er involvert i.

Bilen skal vera tilrettelagt for innsats mot brann og handtering av ulukker og vil nyttast av deltidspersonell med avgrensa erfaring med køyring av tyngre køyretøy.

3.2 Kontraktstype

Oppdragsgjevar nyttar «Standard kontrakt for varekjøp».

Det skal også teiknast eigen service- og vedlikehaldsavtale. Leverandørane skal levera eigne forslag til service- og vedlikehaldsavtale.

4 Konkurransesgjennomføring

4.1 Kunngjering

Konkurransen er sendt for kunngjering i Doffin-databasen via Mercell (www.doffin.no). Oppdragsgjevar administrerer denne innkjøpsprosessen gjennom Mercell.

4.2 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov 17. juni 2016 nr. 73 om offentlige anskaffelser (LOA) og forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffelser (FOA) del I og del III. Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyren konkurranse med forhandling, jf. FOA § 13-1 (2).

Denne konkurransen blir innleidd med ein kvalifiseringsfase. Berre dei tilbydarane som oppfyller kvalifikasjonskrava og har vorte inviterte, vil få høve til å levere tilbod.

Alle inviterte leverandørar vil få tilboda sine evaluerte. Tilbydarane med dei inntil tre beste tilboda etter innleiande evaluering vil kunne bli inviterte til forhandlingar. Etter forhandlingane og eventuelle oppdaterte tilbod vil endeleg evaluering av dei tre tilboda bli gjort og kontrakt tildelt. Det blir gjort merksam på at tilbod som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta, skal avvistas etter forskrift om offentlige anskaffelser § 24-8 (1) bokstav b. Ei slik avvising vil utelukka moglegheit for å få forhandle om tilbodet sitt.

4.3 ILO- kjernekonvensjonar

Oppdragsgjevar krev at leverandør fylgjer ILO-kjernekonvensjonar ved utføringa av kontrakten.

4.4 Framdriftsplan

Oppdragsgjevaren har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

AKTIVITET	DATO	TID
Kunngjering sendt for publisering i Doffin	28.05.2021	
Frist for å stille spørsmål i kvalifiseringsprosessen	21.06.2021	
Frist for å levere førespurnad om å bli kvalifisert	29.06.2021	Kl. 12:00
Invitasjon/melding om resultat av kvalifiseringa	Veke 26/27	
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	19.08.2021	Kl. 12.00
Innleveringsfrist tilbod	27.08.2021	kl. 12.00
Tilbodsevaluering og forhandlingar	Veke 35-38	
Kontraktstildeling	Veke 38	
Karensperiode	10 dagar	
Kontraktsignering	Etter utløp	

	karensperiode	
Tilbudets vedståingsfrist	30.11.2021	Kl. 23:59

Det vert gjort merksam på at tidsplan etter frist for å levere førespurnad er tentativ.

4.5 Språk

Alle dokument og all kommunikasjon som omhandlar denne konkurransen skal hovudsakleg vera på norsk.

4.6 Kommunikasjon

All kommunikasjon i prosessen skal skje via Mercell-portalen. Dette for at all kommunikasjon skal loggførast. Når du er inne på konkurransen skal du velje fanebladet «Kommunikasjon». Klikk deretter på ikonet "Ny melding" i menylinja. Skriv inn informasjon til oppdragsgjevar og trykk på "Send". Oppdragsgjevar får så meldinga di. Viss spørsmålet gjeld alle tilbydarar vil oppdragsgjevar svara på dette anonymisert ved å gi svaret som ein tilleggsinformasjon. Tilleggsinformasjon er tilgjengeleg under fanebladet «Kommunikasjon» og deretter under fanebladet «Tilleggsinformasjon». Du vil òg få ein e-post med ein link til tilleggsinformasjonen.

4.7 Tilbydaren sine deltakingskostnader

Kostnader som tilbydaren pådreg seg i samband med utarbeiding, levering, og oppfølging vil ikkje bli refundert.

Deltaking vil ikkje på nokon måte forplikta oppdragsgjevaren til å inngå kontrakt med leverandør, eller involvere oppdragsgjevaren i økonomiske forpliktingar.

4.8 Spørsmål til konkurransegrunnlaget

Eventuelle spørsmål tilbydarane måtte ha til konkurransegrunnlaget må fremjast innan fristen oppgitt i pkt. 4.4.

Spørsmål skal sendast skriftlig via Mercell.

Alle spørsmål vil bli svart på i anonymisert form og gjort tilgjengeleg for alle som har registrert interesse for konkurransen i Mercell i god tid før utløpet av tilbudsfristen.

4.9 Tilleggsopplysningar

Skriftleg spørsmål om tilleggsopplysningar skal sendes via kommunikasjonsmodulen i Mercell.

4.10 Oppdatering av konkurransegrunnlaget

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, og spørsmål og svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga i Mercell.

4.11 Alternative tilbod

Det vil ikkje opnast for levering av alternative tilbod i konkurransen/alternative løysingar i forhold til løysingar som konkurransegrunnlag leggjer opp til.

4.12 Deltilbod /delleveransar

Det vil ikkje opnast for levering av deltilbod/ delleveransar.

4.13 Parallele tilbod

Det vert opna for levering av parallele tilbod. Dokumentasjon som vert sendt inn må då vera tilstrekkeleg til å vurdera tilboda per innleverte produkt, eksempelvis kravspesifikasjon med dokumentasjon.

4.14 Avvik

Tilbod som inneheld vesentlege avvik frå konkurransegrunnlag og/eller kontrakt vil bli avvist.

Atterhald og avvik skal opplysast presist og eintydig slik at oppdragsgjevaren kan evaluera tilbodet utan å ta kontakt med tilbydaren. Dersom atterhaldet ikkje lar seg kostnadsberekna vil det kunne føre til at tilbodet blir avvist. Atterhald og avvik skal oppgis i egen mal – Tilbydaren sine atterhald og avvik, jf. del 1 vedlegg 5.

4.15 Skatteattest

Valde leverandør skal på førespurnad levere skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Dette gjeld berre dersom valde leverandør er norsk.

Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå fristen for å levere førespurnad om å delta i konkurransen eller tilbod.

5 Konfidensialitet og innsyn

5.1 Konfidensialitet

Informasjon som partane blir kjent med i samband med konkurransen og gjennomføringa av kontrakten skal behandlast konfidensielt, og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan etter samtykke frå den andre parten. Teieplikta er likevel ikkje meir omfattande enn det som følger av forvaltningsloven, jf. lov 10. februar 1967 eller tilsvarende sektorspesifikk regulering, samt etter offentleglova, sjå pkt. 5.2 nedanfor.

5.2 Innsyn

Inntil val av leverandør er gjort kan det nektast innsyn i tilbod og innkjøpsprotokoll, jf. lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23.

Etter at val av leverandør er gjort er tilbod og protokollar som utgangspunkt opne for innsyn. Det er likevel gjort nokre unntak frå innsynsretten i offentleglova. Av desse unntaka er unntaket for innsyn i opplysningar som er underlagt teieplikt i lov eller i medhald av lov, jf. offentleglova § 13, jf. forvaltningsloven § 13. Tilbydarane skal levera ei oversikt over kva opplysningar dei meiner er unntatt innsyn, samt signera eigenerklæring på at oppdragsgjevaren er fritatt frå teieplikt i forhold til opplysningar som ikkje er særskilt identifisert som teiepliktige i tilbydaren si oppstilling, jf. del 1 vedlegg 6.

Ved krav om innsyn skal oppdragsgjevaren gjera ei konkret og sjølvstendig vurdering av kor vidt opplysningane tilbydaren har lista opp er av en slik art at oppdragsgjevaren pliktar å nekta innsyn, jf. offentleglova § 29.

6 Det europeisk eigenerklærings skjemaet (ESPD)

6.1 Generelt om ESPD

Som en førebels dokumentasjon på at kvalifikasjonskrava er oppfylt og at det ikkje finnast avvisingsgrunnar, skal leverandøren fylle ut ESPD-skjema integrert i Mercell. Dette vert levert elektronisk i Mercell saman med tilbodet. Den eller dei leverandørane som blir innstilt til kontraktsinngåing, må før kontrakt blir inngått dokumentere oppfylting av kvalifikasjonskrava i samsvar med dei opplyste dokumentasjonskrava.

Oppdragsgjevar kan på eitkvart tidspunkt i konkurransen be leverandøren levere alle eller deler av dokumentasjonsbevisa dersom det er naudsynt for å sikre at konkurransen vert gjennomført på riktig måte.

Dersom tilbydar ønskjer å støtte seg på underleverandørar eller samarbeidspartnarar for oppfylting av kvalifikasjonskrav skal det også leverast ESPD-skjema for kvar enkelt underleverandør/samarbeidspartner jf. FOA § 17-1 (6).

6.2 Nasjonale avvisingsgrunnar

I samsvar med ESPD del III: Avvisingsgrunner, seksjon D: «Andre avvisingsgrunner som er fastsatt i den nasjonale lovgivinga i oppdragsgjevarens medlemsstat». Dei norske anskaffingsreglane går lenger enn det som følgjer av avvisingsgrunnane angitt i EU-direktivet om offentlege anskaffingar og i standard skjemaet for ESPD. Det blir derfor presisert at i denne konkurransen gjeld også alle avvisingsgrunnane i FOA § 24-2, inkludert dei reint nasjonale avvisingsgrunnane. Følgjande av avvisingsgrunnane i FOA § 24-2 er reint nasjonale avvisingsgrunnar:

- §24-2 (2). I denne føresegna er det angitt at oppdragsgjevar skal avvise ein leverandør når han er kjent med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedtatt eit førelegg for dei nemnde strafflagde forholda. Kravet til at oppdragsgjevar skal avvise leverandørar som har vedtatt førelegg for dei nemnde strafflagde forholda, er eit særnorsk krav.
- 24-2 (3) bokstav i. Avvisingsgrunnen i ESPD-skjemaet gjeld berre alvorlege feil i yrkesutøvinga, medan den norske avvisingsgrunnen også omfattar andre alvorlege feil som kan medføre tvil om den yrkesmessige integriteten til leverandøren.

6.3 Samla oppgiving for alle kvalifikasjonskrav i ESPD-skjemaet

I denne konkurransen kan leverandørane i ESPD-skjemaet gi ei samla erklæring om at han oppfyller alle dei kvalifikasjonskrava som kjem fram av dette konkurransegrunnlaget. Dette gjer ein i del IV seksjon a i ESPD-skjemaet.

7 Kvalifikasjonskrav

7.1 Om kvalifikasjonskrava

Kvalifikasjonskrava er absolutte krav. Manglande oppfylning av kvalifikasjonskrav vil medføre avvising frå konkurransen.

For å kunne få tilbudet sitt evaluert, må leverandøren fylle ut det elektroniske egenerklæringskjemaet (ESPD) om at han oppfyller alle dei kvalifikasjonskrava som er oppgitt nedanfor.

7.2 Bruk av underleverandørar/samarbeidspartnarar

Ein leverandør kan støtta seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet og tekniske og faglege kvalifikasjonar. Dersom leverandøren støttar seg på andre skal tilbudet innehalda signert forpliktingserklæring, samarbeidsavtale eller liknande som stadfestar at leverandøren vil ha rådvelde over dei naudsynte ressursane.

Dersom tilbydaren planlegg å nytte underleverandørar eller samarbeidspartnarar i samband med gjennomføring av rammeavtalen skal desse identifiserast i tilbudet med omtale av kva tenester eller på kva fagområde dei skal bidra. Mal for forpliktingserklæring er vedlagt, jf. del 1 vedlegg 3.

Type dokumentasjon frå underleverandør	Kommentar
Forpliktingserklæring / samarbeidsavtale	Vedlegg 3. Sjå også informasjon under.
Dokumentasjon på oppfylning av dei kvalifikasjonskrav tilbydar støttar seg på underleverandør for å oppfylle	Gjelder berre dei kvalifikasjonskrav som tilbydar støttar seg på underleverandør for å oppfylle relatert til økonomisk og finansiell stilling eller tekniske og faglege kvalifikasjonar
ESPD-skjema frå underleverandør (oppsett i Merccell)	Sjå pkt. 6.1 Gjelder berre viss tilbydar ønskjer å støtte seg på underleverandørar eller samarbeidspartnarar for oppfylning av kvalifikasjonskrav

7.3 Krav til organisatorisk og juridisk stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere registrert i et fagleg register, foretaksregister eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	Norske tilbydarar: - Firmaattest. Utanlandske tilbydarar:

	<ul style="list-style-type: none"> - Stadfesting på at tilbydaren er registrert i bransjeregister eller føretaksregister i samsvar med lovgjevinga i det landet kor tilbydaren er etablert.
--	--

7.4 Krav til økonomisk og finansiell kapasitet

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne oppfylle kontrakten. Kredittverde utan krav til sikkerheitsstilling vil vera tilstrekkeleg til å oppfylle kravet.	<ul style="list-style-type: none"> - Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Ratinga skal vere utført av kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd. <p>Anna dokumentasjon kan vurderast særskilt</p>

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggje fram den dokumentasjonen oppdragsgjevar har kravd, kan han dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å leggje fram eitkvart anna dokument som oppdragsgjevar ser som eigna, under dette t.d. ved ein morselskapsgaranti, bankgaranti, m.m.

7.5 Krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
Leverandøren må ha erfaring frå gjennomføring av samanliknbare/tilsvarande oppdrag.	Referanseskjema med kontaktadresser, med dei viktigaste leveransar dei siste 3 åra med informasjon som i vedlegg 2. Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa.
Leverandøren skal ha gode system for kvalitetsstyring av produksjonsprosess.	ISO 9001 eller tilsvarende
Leverandøren skal ha gode system for miljøledelse.	ISO 14001 eller tilsvarende

8 Utveljingskriterium

I denne konkurransen vil alle leverandørar som leverer førespurnad og som tilfredsstiller kvalifikasjonskrava få invitasjon til å levera tilbod.

9 Tildelingskriterium og evaluering

9.1 Tildelingskriterium

Tildelinga skjer på basis av kva for eit tilbod som har det beste forholdet mellom kostnader og kvalitet, basert på følgjande kriterium:

TILDELINGSKRITERIUM	DOKUMENTASJON	VEKT
Pris	Utfylt bilag 4a	30 %
Produktkvalitet <ul style="list-style-type: none"> • Funksjonelle krav • Tekniske krav til <ul style="list-style-type: none"> ○ Påbygg ○ Slokkeskema • Tilleggsutstyr • Opsjonar 	Utfylt bilag 1a og anna relevant dokumentasjon som vektutrekningar, bilete, teikningar, m.m.	50 %
Garanti og service	Garantivilkår Serviceavtale med skildring av serviceapparat	20 %

9.2 Evaluering pris

Evalueringa vil gjerast etter følgjande modell for prisevalueringa:

Modell	Forklaring	Valgt
Lineær	Beste pris tildelast 10 poeng. Beste pris * 2 eller høgare tildelast 0 poeng.	<input type="checkbox"/>
Høvesvis	Ikkje-lineær modell der 10 = beste pris Dei andre tilboda tildelast poeng ut frå relativt avvik frå beste pris.	<input type="checkbox"/>
Hybrid	Lineær modell, med knekkpunkt på 2,5 poeng. Beste pris får 10 poeng. Eks. Den som er 75 % høgare enn beste pris får 2,5 poeng. Pris over 75 % høgare enn beste pris blir derfor fordelt på flatare skala mellom 2,5 og 0.	<input checked="" type="checkbox"/>

9.3 Evaluering kvalitet

Nærare om produktkvalitet

Det blir gjort ei totalvurdering av tilboden vasstankbil ut frå teknisk spesifisering og oppfylting av bilag 1 Kravspesifisering. Det vil vektleggast at brannbilen er lettkjørt og at bilen har gode og integrerte løysingar som er lette å betena og krev minst mogeleg vedlikehald.

Overordna er produktkvalitet delt inn i desse hovudpunkta:

- Funksjonelle krav, bilag 1, kapittel 4-16
- Tekniske krav til
 - o Køyretøy, bilag 1, kapittel 4-5, 14-16
 - o Påbygg, bilag 1, kapittel 6-10
 - o Slokkes teknisk, bilag 1, kapittel 11-13
- Tilleggsutstyr, ref. bilag 1a kolonne D der det er kryssa av
- Opsjonar

Bruk bilag 1a til utfylling.

Testing - produktkvalitet

Oppdragsgjevar vil atterhalda seg retten til å teste tilsvarende brannbilar for å undersøke kor eigna leveransen er, og om det er samsvar mellom leveranse og kravspesifikasjon.

I ei eventuell testing vil oppdragsgjevar mellom anna legge vekt på

- Brukaroppleving på generell basis og føremålstenlegheit ved tilbodne løysingar
- Samsvar mellom leveranse og kravspesifikasjon

Evalueringa vil skje slik at beste tilbod, vurdert etter oppdragsgjevars innkjøpsfaglege skjønn, vil få 10 poeng (best score). Dei andre tilboda tildelast score etter relative avvik frå det beste tilbodet.

Nærare om garanti og service

Tilbydar skal gjera greie for dei ulike servicenivåa som vert tilbydd, og fortelje kortfatta kva som er inkludert i tilbodet. Tilbydar skal gje opp garantiperiode for brannbil og tilbode utstyr.

Tilbydar skal gjera greie for serviceapparatet, og greia ut om korleis dei handterer skade, mangel og reklamasjon frå saken er meldt inn til saken er ferdig handtert.

Tilbydar skal gjera greie for responstid for meldt skade, manglar og reparasjonsbehov som trengs utbetra. Med responstid er meint tida frå feilen er meldt inn til diagnosen er formidla tilbake til oppdragsgjevar.

10 Innlevering av førespurnad om deltaking

Alle førespurnader skal leverast elektronisk via Merccell-portalen (www.merccell.no) innan søknadsfrist i tabellen under pkt. 4.4. Det er tilbydar sitt ansvar å sende inn førespurnad i tide. For seint innkomne førespurnader vil bli avvist.

10.1 Utforming av førespurnad

Førespurnaden blir utforma med denne disposisjonen:

Dokumentnavn	Innhald
--------------	---------

Søknadsbrev	Utfylt og signert søknadsbrev, Benytt vedlegg 1 Søknadsbrev
Firmaattest	Dokumentasjon registrering, jf. krav i pkt. 7.3
Økonomi	Dokumentasjon økonomisk og finansiell kapasitet, jf. krav i pkt. 7.4
Erfaring	Dokumentasjon erfaring, jf. krav i pkt. 7.5. Benytt vedlegg 2 Referanseskjema
Forpliktningserklæring	Forpliktningserklæring frå underleverandørar, dersom aktuelt. Nytt vedlegg 3 Forpliktningserklæring
Kvalifikasjon underleverandør	Kvalifikasjonsdokumentasjon frå underleverandør, dersom aktuelt.
ESPD	Utfylt elektronisk ESPD-skjema i Mercell
ESPD underleverandørar	Dersom aktuelt

11 Innlevering av tilbud

Dette punktet er kun aktuelt for leverandørar som vert vald ut til å levera tilbud etter endt kvalifiseringsrunde.

Alle tilbud skal leverast elektronisk via Mercell portalen, www.mercell.no innan oppgjeven tilbudsfrist. Det er tilbydar sitt ansvar å sende inn tilbudet i tide. For seint innkomne tilbud vil bli avvist.

11.1 Utforming av tilbud

Tilbudet er eit uttømmende grunnlag for evaluering basert på tildelingskriteriene.

Tilbydar er sjølv ansvarleg for at alle kvalifikasjonskrava, tildelingskriteria og andre krav i konkurransen svarast og dokumenterast.

Tilbudet skal som minimum innehalde elementa som er oppført under:

Dokument	Innheld	Mal/vedlegg
Tilbudsbrev	Tilbudsbrev med forpliktande signatur	Del 1 Vedlegg 4 Tilbudsbrev
Kravspesifikasjon/ Kontraktskrav og tildelingskriterium kvalitet	<ul style="list-style-type: none"> Tilbydar sitt svar på Del 2 bilag 1 – oppdragsgjevar sin kravspesifikasjon Leveringsplan 	Del 2 bilag 1a og bilag 2 + leverandørs egne dokument (vektutrekningar, bilete, teikningar m.m.)
Tildelingskriterium pris	Utfylt prisskjema.	Del 2 bilag 4a Prisskjema
Eigenerklæring teieplikt	Opplysningar tilbydar vurderer som unntatt frå offentlegheita	Del 1 vedlegg 6 eigenerklæring teieplikt

12 Avslutning av konkurransen

12.1 Avvising av tilbud

Oppdragsgjevar plikter å avvise tilbud av årsaker som angitt i FOA § 24-8 (1).
Tilbydarar oppfordrast til å sette seg inn i andre avvisingsårsaker i FOA kapittel 24.

12.2 Avlysing av konkurransen

Oppdragsgjevar kan avlyse konkurransen eller forkaste alle tilbud, dersom det føreligg sakleg grunn, jf. FOA § 25-4.

12.3 Melding om val av leverandør

Etter at val av leverandør er gjort vil alle involverte tilbydarar informerast skriftleg om dette.

Melding vil innehalde namn på kven som er tildelt rammeavtale samt ei utgreiing av det valte tilbudets eigenskapar og relative fordelar i samsvar med angjevne tildelingskriteria, jf. FOA § 25-1.

Melding vil også angi tidspunkt for utløp av karenperioden.

12.4 Klage

Tilbydarar kan klage på val av leverandør. Dersom oppdragsgjevar finner at tildelingsavgjerda ikkje er i samsvar med tildelingskriteria kan tildelingsavgjerda annullerast frem til rammeavtale er signert.